

# Utgreiing om samfunnsansvar i Helse Bergen

## 2024

### Innhald

Innleiing .....	2
Om utgreiinga .....	2
Om rapporten for 2024 .....	3
Fokusområde i 2024 .....	4
Innkjøp der Sykehusinnkjøp <i>ikkje</i> inngår og forvaltar kontraktane .....	4
Naturmangfald og økosystem .....	5
Antikorupsjon .....	7
Habilitet i rekrutteringsprosessar (Nytt tema i 2024) .....	9
Sosiale forhold .....	10
Menneskerettar og anstendige arbeidsforhold .....	10
1. Innkjøpsområdet (nasjonalt, regionalt og lokalt) .....	11
2. Arbeidskraft hos kontraktørar (bygg med vidare) .....	12
4. Medarbeidarar i Helse Bergen (stillingsprosent og etisk rekruttering) .....	14
Medarbeidarar og mangfald .....	15
Miljøforhold .....	17
Klima .....	17
Naturmangfald og økosystem (Fokusområde i 2024) .....	19
Økonomiske forhold .....	19
Skatt og førebygging av økonomisk kriminalitet .....	19
1. Økonomisk utruskap, bedrageri og underslag .....	20
2. Antikorupsjon (Fokusområde i 2024) .....	21
3. Internasjonalt arbeid .....	21

## Innleiing

Helse Bergen er ei stor verksemd, målt i både aktivitet, økonomi og tal på tilsette. Sjukehuset har stor påverknad på sine omgjevnadar på mange ulike vis, og saman med dette følgjer det ei forplikting om at vi skal opptre som ein ansvarleg aktør.

Staten stiller, mellom anna gjennom *Eierskapsmeldingen* St.6 (2022-2023), krav og forventingar til at statleg eigde verksemdar er leiande i arbeidet med samfunnsansvar. For spesialisthelsetenesta handlar samfunnsansvaret om korleis vi løyser vårt samfunnsoppdrag i samspel med andre, og korleis vi arbeidar for at vår verksemd i minst mogleg grad skal ha *negativ påverknad* på menneske, miljø og samfunn.

Statens mål som eigar er at verksemdar i spesialisthelsetenesta drifter berekraftig og effektivt oppnår helsepolitiske mål. Ein vanleg definisjon av berekraftig utvikling er: «Ei utvikling som varetar dagens behov utan å øydelegge moglegheitene for at kommande generasjonar skal få dekkja sine behov.»

***Eierskapsmeldingen* inkluderer ambisjonar, mål og strategiar innan sosiale forhold, miljøforhold og økonomiske forhold. Det er balansen og samspelet mellom desse tre faktorane som avgjer om verksemda er berekraftig eller ikkje.**



## Om utgreiinga

Til grunn for denne utgreiinga ligg eit felles rammeverk for samfunnsansvar i spesialisthelsetenesta, sjå vedlegg. Rammeverket klargjer kva rammar/føringar som gjeld for dei ulike områda og korleis spesialisthelsetenesta skal arbeide med å sikre etterleving.

Rapporten er laga med utgangspunkt i mal som følgjer med sjølve rammeverket. Denne malen gir ein oversikt over lovkrav i regnskapsloven, likestillings- og diskrimineringsloven og Openheitslova som helseføretaka skal rapportere på i utgreiinga for samfunnsansvar. Lovverket stiller fleire krav til innhaldet i utgreiinga, mellom anna ein omtale av vesentlege risikoområde som er avdekka, og tiltak som er sett i verk eller planlagt sett i verk.

Arbeidet med å lage utgreiinga er gjort av ein arbeidsgruppe med deltakarar frå einingane som har det overordna systemansvaret for dei områda som er vurdert.

Involvering og medverknad er tatt i vare gjennom deltaking i arbeidsgruppa av representantar frå føretakshovudverneombod og føretakshovudtillitsvald. I tillegg har utgreiinga vore i drøftingsmøte og i FAMU og vore presentert for Brukarutvalet og Ungdomsrådet. I styringslina har utgreiinga vore diskutert i Føretaksleiinga og i styret. Perspektiv og innspel frå forankringsarbeidet har blitt innarbeidd i utgreiinga.

I 2024 blir utgreiing om samfunnsansvar fremja for styret i Helse Bergen i same møte som årsberetninga. Utgreiinga skal signerast av styret og administrerande direktør.

## Om rapporten for 2024

Vi har ved gjennomgangen i 2024 løfta fram tre område som risikovurderinga i førre rapportering viste at det var grunn til å sjå nærare på.

- Innkjøp der Sykehusinnkjøp *ikkje* inngår og forvaltar kontraktane
- Naturmangfald og økosystem
- Antikorrupsjon

Desse får ein særleg grundig behandling i årets rapport under overskrifta «Fokusområde i 2024».

Vi har vurdert nye område, og ser at det trengst ei generell styrking av medvit rundt temaet habilitet. Det er ei generell målsetting for føretaket at tilsette tek uhilda avgjerder og har ei god rolleforståing. Dette er sånn sett også eit tema som nødvendigvis heng saman med antikorrupsjon.

I år har vi særleg sett på spørsmålet om habilitet i samband med rekruttering. Det er et område kor det er eit forbetningspotensiale i rammeverket som blir brukt. Dette temaet blir derfor løfta fram som eit fjerde fokusområde i denne rapporten.

Vi har kort oppsummert status i 2024 for dei andre områda vi vurderte i førre rapportering, med vekt på kva som er gjort av tiltak og utviklingsarbeid. På denne måten tar vi i vare krav om aktsemdvurdering og kontinuerleg oppfølging og vurdering av dei områda vi er opptatt av.

Generell styrking av merksemda på samfunnsansvar gjennom informasjonsarbeid (Innsiden) og tematisering i *Lederplattformen* med vidare blir aktualisert i årets gjennomgang. Vi ser at det er behov for å samle informasjon om nokre av de mest aktuelle temaa på ein annan måte enn det har vore så langt. Vi har her mellom anna sett til korleis andre føretak har presentert sitt arbeid med samfunnsansvar, og ser at vi har noko å lære. Særleg når det gjeld

å samle aktuelle tema på ein stad for å gje oversikt og lett tilgang til informasjon for medarbeidarane.

Vi ser elles at det står att å få på plass noko meir overordna styrande dokumentasjon i Elektronisk kvalitetshandbok (EK).

## Fokusområde i 2024

### Innkjøp der Sykehusinnkjøp *ikkje* inngår og forvaltar kontraktane

#### Oppsummering av status og risikovurdering i 2023

Ein gjennomgang av status for dette området i 2023 viste at:

- Det ikkje har vore stilt strenge nok krav til heile leverandørregisteret i forhold til leverandørane sin produksjonskjede, og krav om etisk handel er mangelfull.
- Det finst lite styrande dokumentasjon og retningsliner om temaet i Helse Bergen
- Regionale retningslinjer er heller ikkje blitt oppdatert ved innføring av openheitsloven.

Det vart avdekket at det var mangelfullt med gode innkjøpsrapportar, tilstrekkeleg barrierar, og retningslinjer som tek omsyn til aktsemdsvurdering.

Såleis vart det konkludert med at det i liten grad var etablert lett sporbare/systematiske tiltak og barrierar som skal sikre at Helse Bergen kan etterleve krava som blir stilt.

Analyse av kjøpsdata frå juni 2023 til februar 2024 viser at 74 % av kjøpsverdiene gjerast frå leverandørar der Sjukehusinnkjøp har inngått kontraktar, og såleis ivareteke vurdering av forsyningskjelde. 18 % av kjøpsverdiene er tilknytt kjøp som er merka som unntatt avtale. Dette er hovudsakleg statlege- og kommunale føretak, samt kjøp av eksterne helsetenester.

Det er 8 % som kjøpt frå leverandørar utan at Sykehusinnkjøp er involvert eller ikkje kan knytast til å være unntatt avtale. Ei overordna analyse av desse innkjøpa viser at 69 % er kjøpt frå norske leverandørar, som har krav på seg om å følgje openheitslova, medan 31 % er kjøpt av utanlandske leverandørar. Av dei utanlandske leverandørane finn vi at kun 6 % kan knytast til leverandørane som ifølgje [Responsible Sourcing Tool](#) har betydeleg risiko for brot på menneskerettar. Desse verdiane er i hovudsak relatert til bistand og prosjektarbeid i avdeling for internasjonalt samarbeid i føretaket. Dette blir nærmare omtalt i rapporten under overskrifta økonomiske forhold.

I Helse Bergen er oppfølging for innkjøp lagt til Forsynings- og innkjøpscenter som er ein del av Hospitaldrift, i Drift/teknisk divisjon. Innkjøpa og avrop frå avtaler blir i all hovudsak gjort i den enkelte klinikk/avdeling, jamfør gjeldande fullmaksstruktur i føretaket.

## **Forbetringsarbeid sidan førre rapportering**

I 2023 er det lagt ned mykje arbeid for å forbetre og tydeleggjere arbeidsprosessar, samt forenkle og forbetre systemstøtte med tilhøyrande brukedokumentasjon for dei som bestiller varer og tenester i Helse Vest.

Det er i dette arbeidet tilgjengeleggjort rapportar som kan nyttast til analyser og oppfølging av avtaledekning. Det står att nokre mindre arbeid før at desse er klar til å takast i bruk i eigen verksemdsrapportering.

Tiltak for betre opplæring fortsett inn i 2024. Det er per no tilgjengeleggjort kurs for innkjøpar, for rekvirentar forventast tilsvarande kurs å være tilgjengeleg frå 1. mars. Desse kursa er med på å løfte fokus også på regelverk og viktigheita av å nytte avtalar.

Det vert i 2024 planlagt eit regionalt e-læringskurs for alle medarbeidarar som jobbar innan innkjøpsområdet.

I vårt føretak er innkjøp svært desentralisert, som gjer at vi har mange brukarar som er naudsynt å sikre har fått tilstrekkeleg med informasjon om mellom anna lover og regelverk.

## **Oppdatert risikovurdering**

Risikobiletet innan innkjøp er det same som tidlegare, men tiltaka beskrive ovanfor og tiltak som skal jobbast med i 2024 vil etter kvart kunne redusere risikoen.

## **Tiltak i 2024**

1. Rapport med måltal for avtaledekning må ferdigstillast, og tas inn som del av verksemdsrapportering for å sikre avtalelojalitet.
2. E-læringskurs som skal lagast i regional regi må sikrast at vært tilgjengeleggjort og utførast av alt relevant personell.
3. Det må vurderast om aktsemdvurdering skal inngå som ein del av leverandørregistreringa, der dei same etiske retningslinjer som Sykehusinnkjøp nyttar vert lagt til grunn. Dette må diskuterast saman med Helse Vest.

## **Naturmangfald og økosystem**

### **Oppsummering av status og risikovurdering i 2023**

Vurdering som vart gjort i 2023 viste at det må gjerast ein grundigare gjennomgang av dette området for å få ei betre forståing av risikobiletet.

Temaet naturmangfald og økosystem er ikkje omtalt i Helse Bergen sitt miljøstyringssystem. Det er ikkje konkretisert tiltak for å bevare naturmangfald og økosystem i Helse Bergen sine styrande dokumentar.

Naturmangfald og økosystem er her avgrensa til forvaltning av uteområde i Helse Bergen, inkludert takoverflater. Samla for alle Helse Bergen sine lokasjonar dreier det seg om eit utomhusareal på om lag 100 000 mål.

Det er etablert ei gruppa som skal arbeide med naturmangfald, og det er teken eit initiativ mot Bergen kommune for å auke kunnskapen og dela erfaringar.

I Helse Bergen blir dette området overordna tatt i vare av Teknisk avdeling, som er ei eining i Drift/teknisk divisjon.

### **Forbetringsarbeid sidan førre rapportering**

*Naturmangfald og økosystem er omtalt i «[Standard for klima og miljø i sykehusprosjekt](#)» som er utarbeidd av Sykehusbygg, og skal inngå som ein del av grunnlaget for avgjerder i alle sjukehusprosjekt. Lokalisering av nye bygg skal ikkje plasserast på lokasjonar som er ugunstig for det biologiske mangfaldet. Miljøoppfølgingsplanen for Helse Bergen bør vere ein del av grunnlagsdokumenta i alle byggjeprosjekta. Bevaring av biologisk mangfald og overflatevatn er omtalt i dette dokumentet.*

Vesentlege forstyrningar eller vesentleg bortfall i bygningsmasse og infrastruktur, inkludert naturhendingar/ekstremvær som forårsakar svikt i kritisk infrastruktur er dekkja i overordna beredskapsplan kap. 1.2. Alle avdelingar/klinikkar skal ha planar for vidare drift ved både kortsiktig og langsiktig bortfall av kritisk infrastruktur. Det er rutinar for tilstandsvurdering av bygg i Multimap, ny tilstandsvurdering blir gjennomført i 2024. Det blir definert grunnlagsdata for kartlegging av eigendomanes risiko og sårbarheit grunna klimatiske forhold.

Som nokre konkrete døme på eksisterande tiltak innanfor området er Parken i Hagevik Sjukehus freda, og blir forvalta i tråd med Landsverneplanen. Det er etablert ein takhage i Sentralblokka som bidrar til noko meir grøntareal for naturmangfald.

I samråd med anleggsgartnerane skal Helse Bergen la enkelte plenar vere uklypte. Uklypte plenar gir ulike vekstforhold for plantar, og mangfaldet av plantar tiltrekker seg ulike insekt og smådyr. I tillegg vil vi sjå på innkjøp av sommarblomar og staudar som bidrar til betre levevilkår for insekt.

## Oppdatert risikovurdering

Det må gjerast ein grundigare gjennomgang av dette området for å få ei betre forståing av risikobiletet. Naturmangfald og økosystem er eit område som det ikkje har vore stort fokus på i Helse Bergen. Det er knapt med areal og dermed er grøntareala under press for å bli nedbygd.

## Tiltak i 2024

1. Behandle naturmangfald og økosystem som ein del av Helse Bergen sin årlege gjennomgang av miljøstyringssystem. Identifisere konkrete mål som bør fastsetjast for å vareta naturmangfald.
2. Det blir arbeidd med ein utomhusplan for Helse Bergen som skal identifisere mål og tiltak som bør fastsetjast for å vareta naturmangfaldet og grøntareal til sjukehuset.

## Antikorrupsjon

### Oppsummering av status og risikovurdering i 2023

Ein gjennomgang av status for dette om rådet i 2023 viste at det må gjerast ein grundigare kartlegging av aktuelle risikoområde for korrupsjon i føretaket, med tanke på å setje i verk meir målretta tiltak som følgje av dette. Det kan gjerast ein revisjon av styrande dokumentasjon og retningsliner om temaet i Helse Bergen.

I arbeidet med å forstå eksisterande barrierar og tiltak som skal bidra til å forhindre korrupsjon vart det mellom anna peikt på fullmaksstrukturen, fire auge-prinsippet og kontrollrutinar knytt til månadleg gjennomgang av rekneskapen.

Korrupsjon som omgrep kan vera noko mangetydig. I strafferetten inneber korrupsjon det å bestikka eller ta imot bestikking i form av pengar, gåver eller andre tenester i bytte mot fordeling eller annan form for vinning.

I dagleglivet vert ordet korrupsjon og brukt om tilfelle der det mellom anna ligg føre tette band mellom partane, brot på reglar om habilitet og dobbeltrollar. Det er likevel mykje som kan vere kritikkverdige utan å vere straffbart. Handlinga må vere klart klanderverdig før ein står ovanfor straffbar korrupsjon. Moment ved vurderinga er mellom anna størrelsen på ytinga, grad av openheit og kva posisjon dei involverte har. Det systematiske arbeidet med antikorrupsjon i Helse Bergen bør innrettast slik at ein, i tillegg til å førebygge mot straffbar

korrupsjon, og kan hjelpe medarbeidarar å unngå gråsoner og kritikkverdige handlingar som til dømes brot på reglar om habilitet.

I Helse Bergen blir dette området overordna tatt i vare av Drift/teknisk divisjon, med støtte frå Økonomi- og finansavdelinga.

### **Forbetringsarbeid sidan førre rapportering**

Det er gjort ein meir omfattande gjennomgang av kva som finst av strukturar og verktøy som fungerer som barrierar på dette området.

Rutinar for varsling av kritikkverdige forhold i verksemda bidreg til å førebyggje at det skjer lovbrøt eller annan aktivitet som ikkje er i tråd med den etiske standarden som gjeld for alle tilsette.

Dei [etiske retningslinjene](#) som gjeld for heile Helse Vest er overordna og gjev generelle føringar for alle medarbeidarane i Helse Vest. Medvit om etiske problemstillingar i helsetenestene (her under korrupsjon) blir omtala som noko alle skal leggje til grunn for sitt arbeid. Punkt om innkjøp blir omtala under overskrift om «Tillit til helsetenestene».

Tilsette i Helse Bergen har plikt til å melde eller søke om bierverv, jfr rutinane i føretaket.

For tilsette i Helse Bergen gjelder i tillegg at ein har plikt til å informere sin leiar om eventuelle samband til alle typar leverandørar av utstyr, produkt og/eller tenester. Dette er nærare omtala i [overordna retningslinje](#) for tilsette i sjukehuset, som også omhandlar habilitet.

Denne retningslinja tar utgangspunkt i at alle regionale helseføretak i Noreg har identiske samarbeidsavtalar med Legemiddelindustriforeningen (LMI) og leverandørforeninga Melanor (LFH). Avtalene gjelder alt samarbeid mellom spesialisthelsetenesta og leverandørar av legemidlar og medisinsk utstyr i Noreg. Målet er å sikre at samarbeid mellom partane skal vere på ei slik måte at verken pasienten eller samfunnet kan trekke helseføretaka eller deira medarbeidarar sin integritet eller medisinske vurderingar i tvil, og skal vere i tråd med gjeldande regelverk og anerkjente standardar/retningslinjer.

På nyåret i 2024 kom det ein oppdatert samarbeidsavtale med LMI og Melanor. Denne blir det informert om breitt i sjukehuset, mellom anna på Nivå 2/3-leiarmøta, og avtalen blir gjort tilgjengeleg i EK.

Ei anna assosiert retningslinje er [«Retningslinjer for gaver, sponing og reklame i Helse Bergen, Haukeland universitetssjukehus»](#).

Vi ser at det framleis er forbetringspotensiale når det gjeld arbeid med god rolleforståing og habilitetsproblematikk, både hos leiarar og tilsette. Som ein følgje av dette kjem vi i større

grad til å integrere temaet på ulike opplæringsarenaer, både for leiarar og for innkjøparar. Dette er eitt av fleire viktige tiltak for å førebyggje korrupsjon.

Sjå elles tiltak som vert gjort under fokusområdet «Innkjøp der Sykehusinnkjøp ikkje inngår og forvaltar kontraktane», til dømes arbeid med leverandørregisteret. Desse grepa vil og bidra til å redusere risiko på dette området.

Styret var ved gjennomgangen i 2023 opptatt av at tilnærminga på dette feltet må vere breiare enn innkjøpsområdet, og til dømes og adressere forskning, pasientbehandling, rekruttering med vidare.

Ein gjennomgang av vårt rammeverk for rekruttering, viser at leiar sin habilitet i rekrutteringsprosessen ikkje er godt nok adressert. Altså om det er ei binding/relasjon mellom leiar og den som blir rekruttert, og kva for rutine som då skal gjelde. Dette temaet blir nærare omtalt under.

### **Oppdatert risikovurdering**

Ein ny gjennomgang av status for dette området i 2024 viser at det finst ein del barrierar og strukturar som skal bidra til å redusere risikoen for brot på habilitetsreglane eller at det skjer brot på korrupsjonslovgjevinga.

Det står att å få ei betre forståing for kor risikoen er størst, og dermed kor ein bør få på plass meir målretta kontrollmekanisamar. Det kan og vere grunn til å vurdere kva for tema ein skal sjå nærare på, utover innkjøp og rekruttering.

Arbeid med antikorrupsjon handlar mykje om å byggje medvit og forståing for temaet. Det er grunn til å løfte temaet høgare på agendaen for relevante medarbeidarar.

### **Tiltak i 2024**

3. Integrere temaa habilitet og antikorrupsjon i opplæringa for nye leiarar og innkjøparar.
4. Utarbeide ei generell retningsline for habilitet.
5. Gjennomføre ein analyse av innkjøp for å avdekke kjøp i kategoriar som er særleg utsett, sett opp mot det kategori-arbeidet som vert gjort i Sykehusinnkjøp.

## **Habilitet i rekrutteringsprosessar (Nytt tema i 2024)**

### **Innleiing**

I forlenginga av at habilitet generelt har blitt diskutert, og etter innspel frå styret om at vi bør ha eit breitt perspektiv på dette temaet, har rammeverket for rekruttering blitt vurdert.

Føretaket sine retningslinjer og malar til bruk i rekrutteringsprosessar tydeleggjer ikkje viktigheita av vurdering av den som rekrutterer sin habilitet og korleis dette skal handsamast ved tvil eller fastslått inhabilitet. Det bør derfor gjerast tydeleg at habilitetsvurderingar skal gjennomførast i alle rekrutteringsprosessar.

Retningslinjene må vise korleis ein skal dokumentere at vurdering av habilitet er gjort for alle delar av rekrutteringsprosessen og korleis sakshandsaminga skal skje der det er reist tvil om eller stadfesta habilitet

I Helse Bergen er det Personal- og organisasjonsavdelinga som er ansvarleg for retningslinjer og rådgjeving på rekrutteringsområdet.

### Risikovurdering

Med lite merksemd på temaet i det generelle rammeverket for rekruttering, og fråvær av retningslinjer og kursing/orientering for leiarar er dette eit område ein må jobbe meir med. Inntil vidare bør ein sjå på risikoen på dette området som forhøgja, og sette i verk tiltak for å redusere denne.

### Tiltak i 2024

1. Retningslinjene må oppdaterast, og mellom anna vise korleis ein skal dokumentere at habilitetsvurdering er gjort og korleis sakshandsaminga/delegering skal skje i dei sakene der det er reist spørsmål/tvil om habilitet
2. Integrere punkt om habilitet i samband med rekruttering i relevante kurs for leiarar.

<b>Sosiale forhold</b>
<b>Menneskerettar og anstendige arbeidsforhold</b>
<b>Lover og sentrale føringar:</b> Lov om verksemders openheit og arbeid med grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold (openheitslova)  § 4.Plikt til å utføre aktsemdvurderingar

## Openheitslova

Loven pålegg ei informasjonsplikt og ei plikt til å gjennomføre aktsemdsvurderingar som skal vere tilgjengeleg i ein offentleg rapport.

## § 5. Plikt til å gjere greie for aktsemdsvurderingar

### Helseføretaket si utgreiing:

#### Innleiing

Dette gjeld arbeidssituasjon, vilkår og arbeidsbelastning for dei menneskeleg ressursane som bidreg til at sjukehuset kan levere sine tenester. Det gjeld sjølvstakt for dei tilsette i sjukehuset. Men perspektivet her må vere vidare enn som så, og i tillegg inkludere innleigd personell, personell som bidreg til å byggje og utvikle infrastrukturen i sjukehuset, og personell som inngår i leveransar av både tenester og varer til sjukehuset.

Aktuelle tema som er vurdert under dette området er:

1. Innkjøpsområdet (nasjonalt, regionalt og lokalt)
2. Arbeidskraft hos kontraktørar (bygg med vidare)
3. Arbeidskraft innleigd i Helse Bergen
4. Medarbeidarar i Helse Bergen (stillingsprosent og etisk rekruttering)

Menneskerettar og sosiale forhold er eit omfattande område. Det har vore nødvendig å avgrense temaa i denne utgreiinga. Andre moglege tema som ikkje er vurdert her er til dømes rett til fagorganisering, samvitsfridom for helsepersonell og pasientrettar (rett til helse med vidare).

Utfordringa med å etterleve samfunnsansvaret på dette området blir større jo lengre ein kjem bort frå kjerneverksemda i sjukehuset og ut i dei underliggjande leverandørkjedene.

Dette området skil seg elles ut ved at det blir stilt krav til gjennomføring av aktsemdsvurderingar. Føremålet med aktsemdsvurderingane er å få oversikt og vurdere risiko for om det skjer brot på menneskerettane og anstendige arbeidsforhold, både internt i verksemda og hos leverandørkjeder og dei ein gjer forretningar med.

#### **1. Innkjøpsområdet (nasjonalt, regionalt og lokalt)**

I vurderinga av innkjøpsområdet har vi valt å skilje mellom tre tema:

- Innkjøp der Sykehusinnkjøp inngår og forvaltar kontraktane
- Regionale avtalar om kjøp av helsetenester i regi av Helse Vest
- Innkjøp der Sykehusinnkjøp *ikkje* inngår og forvaltar kontraktane (**Fokusområde i 2024**)

### **Innkjøp der Sykehusinnkjøp inngår og forvaltar kontraktane**

Sykehusinnkjøp melder at hovudfokuset i 2023 har vore å lage handlingsplan for perioden 2023-2025, med prioriterte områder innan samfunnsansvar.

Handlingsplanen seier noko om kva områder ein meiner har størst risiko for brot på menneskerettar og kva som kan gjerast for å redusere risiko.

Sykehusinnkjøp har vidare fokusert mykje på forankring samt malar og rettleiingsmateriell i prosessverktøyet Medulla, som vert nytt i anskaffingar.

Sjå elles [Kontraktskrav for etisk handel](#) som vert nytta av Sykehusinnkjøp.

### **Regionale avtalar om kjøp av helsetenester i regi av Helse Vest**

Som ein del av å sikre sitt sørge for-ansvar inngår Helse Vest avtalar med leverandørar av helsetenester. Vi inkluderte dette som eit tema under innkjøpsområdet i 2023, og tek det med som ein overskrift også i 2024, som ein del av å adressere alle våre verdikjeder.

For avtalar som blir inngått i regi av Helse Vest er det Helse Vest sitt ansvar å gjere aktsemdvurderingar. Alle avtalar som Helse Vest inngår om kjøp av helsetenester inneheld avsnitt om krav til lønns- og arbeidsvilkår og etikk.

Et nytt punkt for 2024 er at Helse Vest melder at dei ved oppstart av nye avtaleprosessar no i større grad legg vekt på menneskerettar og etikk i møtet med potensielle leverandørar.

For ei vurdering av Helse Vest si etterleving av krav til ivaretaking av menneskerettar og mangfald viser vi til Helse Vest si [utgreiing om samfunnsansvar \(link kjem\)](#)

### **Innkjøp der Sykehusinnkjøp ikkje inngår og forvaltar kontraktane (Fokusområde i 2024)**

*Sjå nærare omtale ovanfor.*

## **2. Arbeidskraft hos kontraktørar (bygg med vidare)**

### **Oppsummering av status og risikovurdering i 2023**

Med dei eksisterande barrierane og tiltaka som finst, vart risikoen på dette området i 2023 vurdert som å vere låg.

Helse Bergen HF er innforstått med risiko for arbeidslivskriminalitet i bygge- og anleggsbransjen. Verksemda har eigne krav og retningslinjer i samband med skiping av

kontraktar med prosjekterande og entreprenørar, i tillegg til lovkrav og krav som blir sett av Sykehusinnkjøp.

Det blir også gjorde kontrollar, og Helse Bergen samarbeider også med andre offentlege byggherrar og Arbeidstilsynet.

I Helse Bergen blir dette området overordna teke i vare av Prosjektkontoret, som er ei eining i Drift/teknisk divisjon.

### **Forbetringsarbeid sidan førre rapportering**

Det blir arbeid med å styrkja bemanninga rundt desse oppgåvene, og det blir jobba med å få ein samarbeidskanal mellom Prosjektkontoret og Teknisk avdeling.

### **Oppdatert risikovurdering**

Risikoen på dette området er framleis vurdert som låg.

### **Tiltak i 2024**

1. Tettare samarbeid mellom Prosjektkontoret og Teknisk avdeling er det viktigaste tiltaket.
2. Ved utarbeiding av malar, og endring av styringsdokument må samarbeidet styrkjast, då det ikkje er lett å forstå kva punkt som har betydning når ein ikkje har oppgåver som omhandlar arbeidslivskriminalitet og sosial dumping.

### **3. Arbeidskraft innleigd i Helse Bergen**

Avtale om innleige av helsepersonell og administrativt støttepersonell frå eksterne byrå er regulert av nasjonale rammeavtalar. Sykehusinnkjøp HF divisjon nasjonale tenester inngår og forvaltar nasjonale rammeavtalar på vegne av helseregionane i Noreg.

For å ha god oversikt og kontroll med innleigeområdet er det berre Bemanningssenteret, som er ein seksjon i Personal- og organisasjonsavdelinga, som har fullmakt til å gjere avrop på avtalar om innleige av personell (som ikkje er knytt til byggjeprojekt). Leiar i Bemanningssenteret deltek i den nasjonale gruppa som inngår og reviderer avtalar.

Bemanningssenteret følgjer opp at leverandørane følgjer dei krava som er sett til byråa i rammeavtalane. Bemanningssenteret bestiller og registrerer alle vakter på dei innleigde vikarane. På denne måten har føretaket oversikt over kompetansekrav, overtid, sjukefråvær, IKT-tilgangar med vidare.

### **Oppsummering av status og risikovurdering i 2023**

Med dei eksisterande barrierane og tiltaka som finst, vart risikoen på dette området i 2023 vurdert som å vere låg.

### **Forbetringsarbeid sidan førre rapportering**

Det er ikkje gjort endringar i eksisterande barrierar eller tiltak, i forhold til det som har vore praksis dei seinare åra. Det er ikkje gjort endringar i rutinar for innleige av helsepersonell sidan 2022. Det er ikkje sett i gang forbetringsarbeid spesifikt mot dette området.

Innleigenivået av helsepersonell i Helse Bergen er svært lågt samanlikna med dei andre helseføretaka i Noreg. I 2023 leigde Bemanningssenteret inn personell for totalt 45 millionar kroner. Dette er 4 millionar kroner mindre enn i 2022.

Ved aukande mangel på helsepersonell kan det bli press om å gå utanfor avtaleområda for å forsøkje å tå tak i meir personell. Det er då viktig at ein framleis held på prinsippet at det er éin bestillar, og ikkje slepp opp slik at ein mister den kontrollen vi har på byråa sine leveransar.

### **Oppdatert risikovurdering**

Risikoen på dette området er framleis vurdert som låg.

### **Tiltak 2024**

Det er ikkje laga nye tiltak for dette området for 2024.

## **4. Medarbeidarar i Helse Bergen (stillingsprosent og etisk rekruttering)**

Det er ei overordna målsetjing at føretaket skal utvikle ein heiltidskultur og tilsetje i heile faste stillingar. Denne policyen er fastsett i styrande dokumenter for bemanning og rekruttering i føretaket.

For arbeidstakar er det viktig å ha ei lønn ein kan leve av, som er føreseieleg og som gjer at arbeidstakaren kan få lån i banken (til dømes til å kjøpe eige husvære), bruke heile kompetansen sin og vere ein del av samfunnslivet.

### **Oppsummering av status og risikovurdering i 2023**

Med dei eksisterande barrierane og tiltaka som finst, vart risikoen på dette området i 2023 vurdert som å vere låg.

Med bakgrunn i heiltidspolicyen har Helse Bergen som mål å redusere talet på tilkallingsvikarar. For å ha god styring og kontroll på inngåing av nye avtalar er det berre Bemanningssenteret som kan inngå slike avtalar. Ved å overvake om enkelte tilkallingsvikarar jobbar så mykje at dei har krav på ein fast stillingsstorleik, vil ein over tid kunne bidra til at vikarar kan få fast arbeid. Mange av tilkallingsvikarane er studentar eller pensjonistar som ikkje ønskjer ei heil, fast stilling. Vi ser likevel at det særleg innan driftstekniske einingar kan vere ein del med innvandringsbakgrunn, som ønskjer høgre stillingsstorleik og fast stilling. Bemanningssenteret har særleg merksemd på desse, då dei ofte ikkje sjølv kjenner sine rettar.

Med ein aukande mangel på kritisk helsepersonell er det viktig at føretaket ikkje tappar andre land for viktige ressursar. Helseføretaka i Noreg har eit internasjonalt ansvar for å bidra til etisk rekruttering av helsepersonell, og har vedtatt ein politikk som tilseier at vi ikkje aktivt skal rekruttere personell frå land som sjølv har stor mangel på dette. Særleg vil ein unngå ei aktiv rekruttering av helsepersonell frå utviklingsland som sjølv har kritisk mangel på helsepersonell.

Føretaket sluttar seg til WHO sin kode for etisk rekruttering av helsepersonell; The Global Code of Practice.

I Helse Bergen blir dette området overordna tatt i vare av Personal- og organisasjonsavdelinga.

#### **Forbetringsarbeid sidan førre rapportering**

Arbeidet med å sikre at stillingsutlysingar skal vere i tråd med heiltidspolicyen til føretaket pågår kontinuerleg.

#### **Oppdatert risikovurdering**

Risikoen på dette området er framleis vurdert som låg.

#### **Tiltak i 2024**

Det er ikkje sett i gang nye tiltak på dette området.

### **Medarbeidarar og mangfald**

#### **Lover og sentrale føringar:**

*Likestilling- og diskrimineringslova § 26*

Arbeidsgjevarar i offentlege verksemder, og private verksemder med fleire enn 50 tilsette skal:

- Jobbe med likestilling og diskriminering gjennom ein lovbestemt metode, her under annakvart år kartleggje løn og ufrivillig deltid (aktivitetsplikt).
- Gjere greie for likestillingsarbeidet i årsmelding/-rapport (utgreiingsplikt).

#### *IA-arbeid (behalde) og inkludering i arbeidslivet (rekruttere)*

- Høg sysselsetjing er eit av dei høgast prioriterte måla for regjeringa. Deltaking i arbeidslivet er viktig for den einskilde og høg sysselsetjing er viktig for verdiskapinga i samfunnet. Helse Bergen har gjennom sitt IA-arbeid forpliktingar til å ivareta tilsette slik at dei i størst mogleg grad kan vere i arbeid. Føretaket legg til rette for å tilby personar som står utanfor arbeidslivet arbeidspraksis og arbeidsutprøving. Dette blir gjort i samarbeid med NAV og deira samarbeidspartnarar. Gjennom arbeidspraksis får personar moglegheit til å auke kompetansen sin og blitt aktuelle for ordinært lønna arbeid.

#### **Helseføretaket si utgreiing:**

Føretaket sitt arbeid med å likestilling og ikkje diskriminering er beskrive i eigen rapport; Likestillingsutgreiinga 2023. Denne utgreiinga er vedlegg til føretaket si årsmelding. I denne rapporten er det også beskrive korleis føretaket skal jobbe med inkludering av personar som ikkje er del av den ordinære arbeidsmarknaden.

#### **Oppsummering av status og risikovurdering i 2023**

Med dei eksisterande barrierane og tiltaka som er beskrive over, vart risikoen på dette området vurdert som å vere låg.

I Helse Bergen blir dette området overordna tatt i vare av Personal- og organisasjonsavdelinga.

#### **Forbetringsarbeid sidan førre rapportering**

For å bli enda betre i stand til å behalde tilsette som har fått helsemessige utfordringar i arbeidet starta føretaket hausten 2023 eit arbeid med å etablere eit internt Karrieresenter. I samarbeid med NAV, vil Karrieresenteret arbeide med betre oppfølging av dei som har lange sjukefråvær og kanskje må tenkje nytt i forhold til kva arbeidsoppgåver dei kan meistre. Karrieresenteret vil tilby karriererådgiving, praksisplassar og råd om tilrettelegging. Både tilsette og leiarar skal kunne nytte Karrieresenteret sine tenester. NAV er representert både i styringsgruppa og prosjektgruppa for prosjektet.

Karrieresenteret vil i tillegg samle og systematisere arbeidet med å tilby arbeidspraksis/opplæringsplassar for personar som er under oppfølging frå NAV. Gjennom

ei kvalitetsheving av dette arbeidet er målet om at fleire skal opparbeide seg kompetanse slik at det vert lettare å komme i arbeid. Vi ser òg på moglegheitene for å inkludere fleire som står utanfor den ordinære arbeidsmarknaden gjennom å nytte metodikken «Inkluderande jobbdesign». Rådgjevarar i Karrieresenteret blir i 2024 sertifisert i karriererådgiving og inkluderande jobbdesign.

Karrieresenteret er i pilot i Hospitaldrift-einingane første kvartal 2024, og skal etter pilotperioden evaluerast, med vidare plan om å bli tilgjengeleg for heile føretaket i løpet av 2024.

Arbeidet som er starta med betre oppfølging av tilsette som har vært sjukemeldt lenge, vil kunne redusere risikoen for at tilsette må forlate arbeidet sitt av helsemessige årsaker. Ved tilbod om karriererådgiving og hjelp til å finna anna passande arbeid vil vi kunne hjelpe medarbeidarar til å kunne finne arbeid som dei kan utføre og stå i arbeid lenger. Ved å tilby opplæringsplassar med godt innhald, for personar som ikkje er i arbeid, vil vi kunne bidra til at dei aukar sin attraktivitet på arbeidsmarknaden og komme i arbeid.

#### **Oppdatert risikovurdering**

Risikoen på dette området er framleis vurdert som låg.

#### **Tiltak 2024**

Pilotering av internt Karrieresenter.

*For området likestilling, inkludering og mangfald, sjå tiltaksoversikt under Likestillingsutgreiinga 2023.*

## **Miljøforhold**

### **Klima**

#### **Lover og sentrale føringar:**

Regnskapsloven § 3-3 c

Føretak som er omfatta av loven utarbeide ei utgreiing om samfunnsansvar som minst omhandlar miljø, sosiale forhold, arbeidsmiljø, likestilling og ikkje-diskriminering, etterleving av menneskerettar og nedkjemping av korrupsjon og bestikking.

Felles klima og miljømål for spesialisthelsetenesta.

## Helseføretaket si utgreiing:

### Innleiing

Helse Bergen har miljøleing, og er miljøsertifisert etter ISO 14001:2015 standarden. Det inneber at sjukehuset arbeidar systematisk med miljø- og klima ved å kartlegge, identifisere risiko og utarbeide mål og handlingsplanar med tiltak.

Spesialisthelsetenesta har vedteke felles mål for å redusere klimagassutslepp og har utarbeida indikatorar for å følgje opp måla. Hovudmålet er at klimagassutslepp skal reduserast med 40 % innan 2030, og vi har tiltak som gjer oss klimanøytrale innan 2045.

Miljøstyringssystemet er framstilt i EK (Elektronisk kvalitetshandbok).

Spesialisthelsetenesta sine felles mål er ein del av [Utviklingsplanen 2035](#), langtidsbudsjettet, og fleire av delplanane til sjukehuset.

Helse Bergen rapporterer årleg i klimagassrekneskapen, direkte utslepp (scope 1 og 2), og anna kvart år indirekte utslepp frå innkjøp av varer og tenester (scope 3).

Det blir utført ein årleg gjennomgang av miljøstyringssystemet, som blir lagt fram for føretaksleinga og presentert i styret.

I Helse Bergen blir dette området overordna tatt i vare av Personal- og organisasjonsavdelinga.

### Oppsummering av status og risikovurdering i 2023

Det blir arbeid med å få betre implementering og oversikt over klima og miljøområdet, men det er eit langsiktig arbeid. Det blir arbeidet for eit årleg klimarekneskap som kvart år også inneheld klimagassutslepp frå varer og tenester.

### Forbetringsarbeid sidan førre rapportering

Tiltaka blir vidareført frå 2023.

### Oppdatert risikovurdering

Spesialisthelsetenesta har vedteke felles mål for å redusere klimagassutslepp, men måla kan bli vanskeleg å oppfylle om dei ikkje heng saman med dei andre forventingane knytt til spesialisthelsetenesta.

For at Helse Bergen skal nå hovudmålet om 40 % reduksjon av klimagassutslepp innan 2030 vil det krevje høg prioritering på energiområdet framover. Utbyggingane og utvidinga av areal gjer det svært krevjande. Helse Bergen har laga ein tiltaksplan for å nå

energieffektiviseringsmålet, men det er risiko for at mangel på kapital gjer at ein ikkje når målet.

**Resterande tiltak (uteståande frå 2023 og nye i 2024)**

1. Arbeide vidare med klimabudsjettet for å tydelegare kopla miljø- og klimamål saman med sjukehusdrifta og det økonomiske budsjettet.
2. Viser elles til tiltak som kjem i handlingsplan etter leiinga sin [årlege gjennomgang av miljøstyringssystemet](#).

**Naturmangfald og økosystem (Fokusområde i 2024)**

**Lover og sentrale føringar:**

Regnskapsloven § 3-3 c

Føretak som er omfatta av loven utarbeide ei utgreiing om samfunnsansvar som minst omhandlar miljø, sosiale forhold, arbeidsmiljø, likestilling og ikkje-diskriminering, etterleving av menneskerettar og nedkjemping av korrupsjon og bestikking.

*Fokusområde i 2024. Sjå nærare omtale ovanfor.*

**Økonomiske forhold**

**Skatt og førebygging av økonomisk kriminalitet**

**Lover og sentrale føringar:**

Regnskapsloven § 3-3 c

Føretak som er omfatta av loven utarbeide ei utgreiing om samfunnsansvar som minst omhandlar miljø, sosiale forhold, arbeidsmiljø, likestilling og ikkje-diskriminering, etterleving av menneskerettar og nedkjemping av korrupsjon og bestikking.

*Eierskapsmeldingen:* Selskapet arbeider systematisk for å forebygge økonomisk kriminalitet som korrupsjon og kvitvasking i eiga verksemd og i leverandørkjeda.

**Helseføretaket si utgreiing:**

**Innleiing**

Aktuelle tema som er vurdert under dette om:

1. Økonomisk utruskap, bedrageri og underslag
2. Antikorrupsjon (**Fokusområde i 2024**)
3. Internasjonalt arbeid

Av styrande dokumentasjon som ligg til grunn for førebygging av økonomisk kriminalitet og antikorrupsjon har Helse Bergen dei [etiske retningslinene](#) som gjeld for føretaksgruppa i Helse Vest. I tillegg finst det etiske retningsliner for arbeid med innkjøp i Helse Vest.

Selskapet har ekstern revisor. Føretaket har mottatt rein beretning frå revisor. Det blir gitt informasjon til styret i samband med årleg gjennomgang av rekneskapen.

Når det gjeld anskaffingar som blir gjort i samband med byggeprosjekt samarbeider Prosjektkontoret med Sykehusinnkjøp i utforming av kontraktane slik at vi varetar førebygging av arbeidslivskriminalitet. Sjå elles omtale av dette temaet tidlegare i utgreiinga.

Som helseføretak er ikkje Helse Bergen skattepliktige, med unntak av bandasjistverksemda. Omsetninga for denne aktiviteten er på 7,3 millionar kroner, og skattekostnaden på om lag 300.000 kroner. Skattepapira blir revidert og signert av revisor.

## **1. Økonomisk utruskap, bedrageri og underslag**

### **Innleiing**

Ein del av arbeidet med å forhindre økonomisk kriminalitet gjeld sikring mot misbruk av offentlege midlar. Det gjeld både forsøk på svindel frå eksterne aktørar og forsøk på økonomisk utruskap og underslag frå tilsette i føretaket.

Føretaket ein fullmaktstruktur som skal følgjast ved kjøp av varer og tenester. Dette kjem fram i Orfu og i overordna fullmaktsmatrise.

Arbeidsdeling i innkjøpsprosessen og fire auge-prinsippet skal førebygge at medarbeidarar gjer anskaffingar til eiga vinning. Dette er integrert som en del av Libra. Størst mogleg bruk av avtaleleverandørar er ei annan type sikring mot misbruk.

Økonomiavdelinga har utvida kontroller kor det ved kvar utbetaling blir utført kontrollar mellom betalingsforslag og faktura/bankkontonummer/varemottak.

Oppretting av nye leverandørar og endring av bankkontonummer skjer av vårt søsterselskap – Helse Vest IKT.

Det finst kontrollrutinar knytt til månadleg gjennomgang av rekneskapen. Det same gjeld for gjennomgang av prosjektrekneskap.

I Helse Bergen blir dette området overordna tatt i vare av Økonomi- og finansavdelinga.

### **Risikovurdering**

Med dei eksisterande barrierane og tiltaka som er beskrive over, blir risikoen på dette området vurdert som å vere låg.

### **Tiltak**

Ingen ytterlegare tiltak er planlagd.

## **2. Antikorrupsjon (Fokusområde i 2024)**

*Sjå nærare omtale ovanfor.*

## **3. Internasjonalt arbeid**

### **Innleiing**

Internasjonalt arbeid er omtalt særskilt fordi Helse Bergen har verksemd i ein del land med svakare lovregulering og høgare grad av korrupsjon enn Noreg. Til dømes målt gjennom Transparency International sin årlege korrupsjonsindeks.

[\(https://www.transparency.no/\)](https://www.transparency.no/)

Helse Bergen samarbeider med partnersjukehus i Malawi, Zanzibar, Sør-Afrika, India og Etiopia med utveksling av helsepersonell (utstasjonering), utdanning av lokalt personell og støtte til infrastruktur.

*Aktuelle tema som er vurdert under dette området:*

- Helse Bergen-tilsette som blir utstasjonert
- Utvikling av infrastruktur i samarbeidsland

I Helse Bergen blir dette området overordna tatt i vare av Avdeling for internasjonalt samarbeid (AIS).

### **Helse Bergen-tilsette som blir utstasjonert**

### **Oppsummering av status og risikovurdering i 2023**

Med dei eksisterande barrierane og tiltaka som er beskrive over, vart risikoen på dette området vurdert som å vere låg ved førre gjennomgang. Det vart ikkje planlagd ytterlegare tiltak.

Helse Bergen sender kvart år omlag 10-15 tilsette på langtidsopphald (over 45 dagar) for å arbeide ved våre samarbeidssjukehus i sør.

- I arbeidskontraktane til dei som blir utstasjonert er det understreka at bestikking og korrupsjon er grunn til oppseiing
- Alle som blir utstasjonert i regi av AIS får eit informasjonsskriv der dette er eit tema.
- Det blir gjennomført samtaler før utreise og medarbeidarsamtalar under i opphaldet
- Korrupsjon og bestikking er tema på årleg utreisekurs i regi av AIS

### **Oppdatert risikovurdering**

Med dei eksisterande barrierane og tiltaka som er beskrive over, blir risikoen på dette området framleis vurdert som å vere låg.

Samarbeidssjukehusa er alle offentlege sjukehus med fri og gratis tilgang til pasientbehandling for lokalbefolkninga. Det er likevel teoretisk mogleg at Helse Bergen sine tilsette ute kan ta imot gåver og ytingar med vidare frå pasientar og pårørande for å få raskare behandling og tilgang på medisinar og andre sjukehusstenester.

### **Tiltak i 2024**

- Ingen ytterlegare planlagde tiltak.

### **Utvikling av infrastruktur i samarbeidsland**

### **Oppsummering av status og risikovurdering i 2023**

Med dei eksisterande barrierane og tiltaka som er beskrive over, vart risikoen på dette området vurdert som å vere låg ved førre gjennomgang. Det vart ikkje planlagd ytterlegare tiltak.

AIS har i løpet av årene inngått store kontraktar for bygg, anlegg og innkjøp av utstyr med lokale og internasjonale leverandørar, til dømes i Malawi og på Zanzibar. Alle byggeprosjekt er finansiert av eksterne midlar frå ulike private og offentlege donatorar (norske ambassadar/Norad og lokale myndigheiter).

I Malawi vart traumesjukehuset Lilongwe Institute of Orthopaedics and Neurosurgery (LION) opna i april 2023, med eit totalbudsjett på om lag 300 mill. kroner for diverse bygg og utstyr.

På Zanzibar er det bygd eit Haukeland House med elleve leilegheiter (4 mill. kroner), eit barnesjukehus (16 mill. kroner), eit psykiatrisk sjukehus og aktivitetssenter (20 mill. kroner), og det blir no bygd eit nytt *Ferdighetscenter for ulike medisinske fag* med eit budsjett på 6 mill. kroner.

Følgande tiltak er vidareført for å holde god kontroll på byggeprosessen og redusere risiko for korrupsjon:

- Overhalde reglar for opne anbud og ryddige prosessar for anskaffingar frå norske ambassadar, Helse Bergen og lokale myndigheiter
- Nært samarbeid mellom AIS, Prosjektkontoret og Medisinsk-teknisk avdeling (MTA) knytt til større innkjøpskontrakter for bygg og utstyr
- Transparente kontraktar med leverandørar og byggfirma som i størst mogleg grad gjer rom for å betale ut kontraktssummar etappevis direkte frå HUS via AIS (check and balance)
- Jamlege byggmøter, både fysisk på byggeplassen og elektroniske statusmøte
- Kontrakt med lokal byggkontrollør (clerk of works/lokal arkitekt) for kontinuerleg oppfølging av byggeplass

### **Oppdatert risikovurdering**

Med dei eksisterande barrierane og tiltaka som er beskreve over, blir risikoen på dette området framleis vurdert som å vere låg.

### **Tiltak i 2024**

- Ingen ytterlegare planlagde tiltak.

**Bergen 21.03.2024**

---

Terje Breivik  
*styreleiar*

---

Per Morten Sandset  
*nestleiar*

---

Rolf Martin Tande

---

Ivar Eriksen

---

Trude Husevåg

---

Ishita Barua

---

Marit Bakke

---

Karen-Anne Stordalen

---

Tone Wikene Nystad

---

Marianne Sæhle

---

Inge Stenestø Skogheim

---

Eivind Hansen  
*administrerende direktør*

# PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

## Karen-Anne Stordalen

### Styremedlem

På vegne av: Helse Bergen HF

Serienummer: 9578-5997-4-372430

IP: 161.4.xxx.xxx

2024-03-26 10:41:20 UTC



## Inge Stenestø Skogheim

### Styremedlem

På vegne av: Helse Bergen HF

Serienummer: 9578-5993-4-1551503

IP: 161.4.xxx.xxx

2024-03-26 11:44:42 UTC



## Marianne Sæhle

### Styremedlem

På vegne av: Helse Bergen HF

Serienummer: UN:NO-9578-5998-4-1130329

IP: 77.18.xxx.xxx

2024-03-28 10:49:16 UTC



## Ishita Barua

### Styremedlem

Serienummer: 9578-5998-4-839412

IP: 46.15.xxx.xxx

2024-03-28 11:31:13 UTC



## TRUDE HUSEVÅG

### Styremedlem

Serienummer: 9578-5995-4-923949

IP: 51.174.xxx.xxx

2024-03-28 13:54:31 UTC



## Eivind Hansen

### Administrerende direktør

På vegne av: Helse Bergen HF

Serienummer: 9578-5999-4-1262874

IP: 77.16.xxx.xxx

2024-03-28 15:55:56 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: GTB2A-IB7YO-J3PJX-P57XG-5BGAX-B2QYO

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

#### Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>

# PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur". De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

## Marit Bakke

### Styremedlem

Serienummer: UN:NO-9578-5993-4-4044528

IP: 178.164.xxx.xxx

2024-03-31 08:03:07 UTC



## Per Morten Sandset

### Nestleiar

På vegne av: Helse Bergen HF

Serienummer: UN:NO-9578-5999-4-1324657

IP: 79.160.xxx.xxx

2024-03-31 15:25:16 UTC



## Ivar Eriksen

### Styremedlem

Serienummer: UN:NO-9578-5999-4-1922603

IP: 161.4.xxx.xxx

2024-03-31 17:07:47 UTC



## Rolf Martin Tande

### Styremedlem

På vegne av: Helse Bergen HF

Serienummer: 9578-5999-4-1206733

IP: 85.200.xxx.xxx

2024-03-31 19:34:25 UTC



## Tone Wikene Nystad

### Styremedlem

På vegne av: Helse Bergen HF

Serienummer: 9578-5999-4-1165898

IP: 161.4.xxx.xxx

2024-04-02 08:07:38 UTC



## Terje Breivik

### Styrelleiar

Serienummer: UN:NO-9578-5995-4-362267

IP: 82.134.xxx.xxx

2024-04-02 10:21:18 UTC



Penneo Dokumentnøkkel: GTB2A-IB7YO-J3PJX-P57XG-5BGAX-B2QYO

Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

#### Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>